



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 24.06.2013

Vår ref.: 2012/6495

Arkivnr.: 432.4

Grunneigarar, Sola kommune og andre partar
jf. adresseliste

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Lokal høyring av forvaltningsplan for Storamyrl naturreservat, Sola kommune, Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland sender med dette ut forvaltningsplan for Storamyrl naturreservat på lokal høyring. Planen følgjer vedlagt, men ei elektronisk utgåve kan også lastast ned frå nettsidene våre, www.fylkesmannen.no/rogaland.

Innspel på planen kan sendast til Fylkesmannen i Rogaland, og frist for innspel er **6. september 2013**.

Arbeidet med planen vart annonsert på sommaren 2012; etterpå har Fylkesmannen gjennomført fleire synfaringar i verneområdet, både med og utan grunneigarar. Forvaltningsplanen skal vera eit praktisk hjelpemiddel for å ivareta og fremja verneformålet. Det er eit mål at forvaltninga av området skal vera fleksibel og tilpassast lokale tilhøve, samstundes som ho er i tråd med verneforskrifta. Planen er tufta på verneforskrifta og skal vera i samsvar med verneformålet. Ein forvaltningsplan skal sikra lik forvaltning i heile verneområdet, og gir føringar for bruk, informasjon, skjøtsel og eventuell tilrettelegging. Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande som verneforskrifta, og kan reviderast ved behov.

Planen som no er sendt på høyring har vore til fagleg gjennomgang hos Direktoratet for naturforvaltning og er justert etter merknadar i brev av 25.02.2013.

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernsejef

Torborg Berge
rådgjevar

Sakshandsamar: *Torborg Berge*
Sakshandsamar sin telefon: 51568939
E-post: torborg.berge@fmro.no

Vedlegg:
Miljørapport nr. 2 – 2013. Forvaltningsplan for Storamyrl naturreservat. Sola kommune, Rogaland.

Adresselister - grunneigarar, Sola kommune og andre partar

Kopi til:

